



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

Sakshandsamar:

Elin Åsnes Øvretun

Mobil: 481 40 349

E-post:

Elin.Asnes.Ovretun@sogndal.kommune.no

Vår ref.

20/11170-1

Dato

22.12.2020

Til

Rådmenn i samarbeidskommunane Luster, Sogndal, Vik, Årdal, Aurland og Lærdal

Årsmelding miljøretta helsevern (MHV) 2020

Bemanning og internkontroll

Miljøretta helsevern Indre Sogn (MHV) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Vik, Årdal, Aurland, Lærdal, Luster og Sogndal. MHV består av to fast tilsette ingeniørar og fire kommuneoverlegar.

Arbeidet til miljøretta helsevern skal fremme innbyggjarane si helse og beskytte mot forhold som kan føre til helseskade. Kommunen er tildelt ansvar og oppgåver som forvaltningsmyndigheit innanfor folkehelse og miljøretta helsevern. MHV er den instansen som utøver kommunen sitt forvaltningsarbeid, i nært samarbeid med kommuneoverlegen i kvar kommune. Hovudoppgåvene er:

- Føre tilsyn i skular, barnehagar, solarier, tatoveringsstudio, basseng, frisørar, hudpleieverksemder, campingplassar med fleire.
- Sakshandsaming og rettleiing om miljøfaktorar som støy, luftforureining, inneklima, stråling, avfallshandtering, hygiene, skadedyr.
- Vurdere helsemessige forhold i planarbeid

I perioden oktober 2019 til september 2020 har MHV vore utan eigen sakshandsamar. I denne perioden har arbeidsoppgåvene til MHV vore lagt til kommuneoverlegen i kvar kommune. Frå september 2020 auka MHV bemanninga med 1 ny sakshandsamar og tel i dag 2 tilsette med stillingstittel *ingeniør miljøretta helsevern*.

Internkontroll

Som ledd i MHV sitt internkontrollarbeid er det i 2020 blitt utarbeida eit årshjul med oversikt over ulike arbeidsoppgåver og frekvensen av desse, jf. figur 1.

Postadresse:

Postboks 153
6851 Sogndal

Besøksadresse:

Plassen 2
postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogndal.kommune/miljorettahelsevern


Telefon:

48 14 03 49
92 28 89 48




Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn



Figur 1 Årshjul med oversikt over arbeidsoppgåver for miljøretta helsevern

I tillegg til årshjul er det utarbeida ein oversikt som samla viser kva arbeidsoppgåver som ligg til MHV og kva for regelverk arbeidet er heimla i, jf. figur 2.



Figur 2 viser ei samla oversikt over regelverk og arbeidsoppgåver som ligg til miljøretta helsevern.

Heimeside og malverkty

MHV har starta arbeidet med å oppgradere heimesida. I samband med dette er det utarbeida ein ny logo. Logoen er ei samling av alle samarbeidskommunane sine kommunevåpen, jf. figur 3. Rapportar, notater, presentasjonar o.l. frå MHV vil ha denne logoen.



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn



Miljøretta helsevern
Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

Figur 3 ny logo for miljøretta helsevern Indre Sogn

Elektroniske søknad- og meldeskjema

Fleire verksemder har meldeplikt til kommunen før oppstart eller ved endring. MHV jobber med å gjere slike melde- og søknadsskjema elektroniske, med tilgang via heimesida. Til elektroniske skjema vil det i tillegg vere lenke med rettleiing og utdjupande informasjon om kva for krav og anbefalingar som gjeld for ulike verksemder.

Samarbeid og nettverk

NEMFO: MHV er medlem i Nettverk for miljørettet folkehelsearbeid (NEMFO – nasjonalt nettverk for miljørettet folkehelsearbeid). MHV deltek i nasjonale og regionale tilsynskampanjar. NEMFO har utarbeida nettstaden Yammer der medlemmar kan samarbeide, samt dele kunnskap og erfaringar.

OLAIS: MHV deltek i nettverket OL AIS – samarbeid med miljøretta helsevern i Odda, Lindås og Askøy.

Aktivitetar 2020

Møte i fagrådet

MHV har fellesmøte med alle kommuneoverlegane to gonger i året (omtala som «fagrådet»). Målet med desse møta er ein statusgjennomgang av pågåande saker, oppfølging av behov, samt legge føringar på kva for saker/oppgåver MHV skal ha hovudfokus på framover. Særskilt gjeld det val av tilsynsobjekt. Møte i 2020 vart gjennomført 14.oktober (møtereferat med presentasjon ligg i ESA med saksnummer 20/9360). Ei oppsummering av dei viktigaste sakene er:

Tilsyn 2020 og 2021:

Val av tilsynsobjekt blir gjort ut i frå ei risikovurdering som MHV går gjennom og reviderer kvar år. Risikovurderinga er utarbeida etter veileder frå HelseDirektoratet «*Veileder for kommunens tilsyn med miljørettet helsevern*». Val av tilsynsobjekt for 2020 og 2021 er utført etter ei risikobasert risikovurdering:

1. Tematilsyn 20/21 om lydforhold i barnehage
2. Tilsyn på basseng 2021
3. Skuletilsyn 2021 – fokus på sikkerheit og beredskap mm..
4. Smitteverntilsyn: det vart drøfta MHV si rolle i arbeidet med smitteverntilsyn med verksemder etter smittevernloven. Det vart vist til «Kommunal rapport» datert 6.10.2020, som viser til praksis i andre kommunar der bl.a. MHV blir nytta i dette arbeidet. Dagens praksis for



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

5. fleire kommunar i Indre Sogn er å bruke eit eksternt firma. Fagrådet ser det som hensiktsmessig å kunne nytte MHV i dette arbeidet ved behov, t.d. hendelses-basert tilsyn om ein får informasjon om steder der ein mistenker brot på smittevernreglar. Ved slike tilfeller kan MHV vere den instansen følger opp og sjekkar dette ut.

Andre saker:

1. Arbeid med heimeside: Fagrådet var positiv til arbeidet med ny heimeside. Det kom fram innspel om at den må vere lett å finne og at rett plassering på kommunane si heimeside er viktig.
2. Bruk av media, sosiale media
3. Etablere fast møteplan med leiing for teknisk og oppvekst i alle samarbeidskommunar
4. Kompetanseheving
5. Møtefrekvens for fagrådet

Statusmøter med leiing for oppvekst og teknisk

MHV ønsker å etablere jamlege statusmøter med leiing for oppvekst og teknisk i alle samarbeidskommunar. Dette får at vi saman skal sikre at alle skular og barnehagar blir godkjent. MHV opplever at fleire barnehagar og skular manglar godkjenning. Bakgrunnen for manglande godkjenning kan vere at det aldri har vore søkt godkjenning, at kommunane ikkje kjenner til at dei har ansvaret for å sjå til at barnehagar og skular skal planleggast og drivast etter forskrift om miljøretta helsevern, at det er avvik som gjer at skulen/barnehagen ikkje kan godkjennast før forholda er utbetra. Det er barnehagen eller skulen sin eigar og leiing som skal sjå til at skule og barnehage blir planlagt etter og drive etter forskrifta, samt at MHV blir involvert og at søknad om samtykke og søknad om godkjenning blir send og følgt opp.

MHV har gjennomført eit slikt type statusmøte i Sogndal kommune den 12.november 2020 og vil i 2021 gjennomføre tilsvarende møte i dei andre samarbeidskommunane.

Inneklimakartlegging

Ei tradisjonell miljøretta helsevernoppgåve er å utføre målingar av ulike inneklimaparameter (temperatur, fukt og CO₂-nivå).

MHV får ein del førespurnader frå skular og barnehagar om problematisk inneklima. Dette kostar ikkje kommunane noko å få utført. I samband med søknad om godkjenning av skular og barnehagar skal også kommunen kunne dokumentere tilfredsstillande inneklima, og vi kan då utføre målingar for kommunane.

Tabell 1 viser oversikt over utførte inneklimamålingar i 2020.



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

Tabell 1 oversikt over utførte inneklimatemålinger.

Verksemd	Type måling
Leikanger ungdomsskule	CO ₂ , temperatur, fukt% Muggsopp til vurdering Desse målingane er ledd tilsyn ved skulen, tilsyn omfattar både eit godkjenningstilsyn og systemrevisjon.
Vik Helsetun (vaksenopplæring)	CO ₂ , temperatur, fukt% Muggsopp Vik kommune har sjølve utført målingane med eige utstyr. MHV har bistått med vurdering av resultat og forslag til tiltak.

Tilsyn 2020

Tematilsyn 20/21 lydforhold i barnehagar

MHV har som tematilsyn for 2020/2021 valt å ha fokus på lydforhold i barnehagar. Bakgrunn for val av tema er at MHV ofte får tilbakemelding om utfordringar med støy i barnehagar. Dette gjeld både i eldre bygg og i nye bygg. Tilbakemeldingane går oftast på om det kan vere noko med det bygningsmessige som ikkje er tilfredsstillande, eller vi får spørsmål om støyreducerande tiltak. Ved å undersøke dei faktiske og målbare forholda, kan ein avdekke om barnehagen har tilfredsstillande bygningsmessige lydforhold.

I samband med tilsyn på lydforhold valgte MHV også å gå gjennom godkjenning av barnehagar der dette var aktuelt. Det er framleis ein del skular og barnehagar som aldri har søkt godkjenning eller som har avvik som må utbetrast før dei kan godkjennast etter *forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler, mm.* Godkjenningsordninga vil vere tema under tilsynet for dei barnehagane som manglar dette eller er i ein søknadsprosess. I tillegg blir det gjeve individuell rådgjeving i kvar einskild barnehage ut i frå dei utfordringar som kvar barnehage melder frå om i forkant av eller under tilsynet.

Tilsynsrapport

Rapport etter tilsyn vil bli sendt til kvar einskild barnehage ved styrar. I tillegg bli rapportane sendt til leiing for teknisk og oppvekst i den aktuelle kommunen. Miljøretta helsevern vil, i tillegg til at kvar barnehage får ein tilsynsrapport, presentere ei oppsummering av funn frå samtlege tilsyn etter at alle tilsyna er avslutta.

Alle barnehagane tilhøyrande samarbeidskommunane skal inngå i tilsynet. Status for utførte tilsyn per. 31.12.2020 er vist i tabell 2.

Tabell 2 oversikt over utførte tilsyn, omfatta i Tematilsyn 20/21 om lydforhold i barnehagar.

Kommune	Barnehage	Godkjenningsordning som tilleggstema i tilsynet
Sogndal	Kyrkjebakken barnehage	
Luster	Skjolden barnehage	
	Luster barnehage	
	Gaupne barnehage	
	Indre Hafslo barnehage	

Postadresse:
Postboks 153
6851 Sogndal

Besøksadresse:
Plassen 2
postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogndal.kommune/miljorettahelsevern

Telefon:
48 14 03 49
92 28 89 48



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

	Gamlestova barnehage	
	med avdeling Veitastrond	x
	Solvorn barnehage	
	Hafslo barnehage	
	Jostedal barnehage	X
Årdal	Uravegen barnehage	
	Farnes barnehage	
	Ve barnehage	
	Haugane barnehage	
	Einhaugen barnehage	
	Årdalstangen barnehage	
Aurland	Flåm barnehage	
	Spiren barnehage	
Lærdal	Borgund barnehage	X
	Lærdalsøyri	

Tilsyn ved Leikanger ungdomsskule

MHV har varsla tilsyn ved Leikanger ungdomsskule. Temaet for tilsynet er inneklimatesting og systemrevisjon. Tilsynet vil omfatte gjennomgang av skulen sine rutinar knytt til krav i forskrift om miljørettet helsevern i skole og barnehage §4-24. Bakgrunn for tilsynet er at skulen ikkje er godkjent og MHV har fått melding om dårleg inneklimatesting på skulen. Tilsynet er delt i to trinn:

Trinn 1: inneklimatesting med målinger av ulike inneklimatestingfaktorer som lydforhold, lysforhold og muggsopp. Kartlegging med målinger er utført i desember 2020 og januar 2021.

Trinn 2: systemrevisjon er varsla i februar/mars 2021.

Andre oppgåver/uttalar

- Rettleiing til barnehagar og skular som har teke kontakt med ulike utfordringar knytt til godkjenning, inneklimatesting, internkontroll, skadedyr, radon etc.
- Behandla sakar/gjeve rettleiing til innbyggjarar/verksemder som har teke kontakt vedrørende butilhøve, reinhald, inneklimatesting, radon, forureining, støv, støy etc.
- Oppfølging av verksemder som ikkje har lukka opne avvik.
- Planuttalar barnehagar/skular.
- Vurdering av kontorforhold for helsesjukepleiar ved Leikanger ungdomsskule
- Informasjon til skjenkestader om oppbevaring av kontaktinformasjon i samband med ev. smittesporing.
- Bistått i arbeid med influensavaksinering i Sogndal kommune i veke 44.

Kompetanseheving

- Gjennomført nettkurs i forvaltningsloven i regi av DigDir.
- Samarbeid med nettverket OLAIS
- Jamleg oppdatering i NEMFO

Økonomi

Total kostnad for miljøretta helsevernstillinga var i 2020 kroner 671 680. Fordeling mellom kommunane er 30 % etter folketal og 70 % etter tal tilsynsobjekt. Tal for 2020 er skissert i tabellen under.

Postadresse:
Postboks 153
6851 Sogndal

Besøksadresse:
Plassen 2
postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogndal.kommune/miljorettahelsevern

Telefon:
48 14 03 49
92 28 89 48



Miljøretta helsevern

Interkommunalt samarbeid i Indre Sogn

SUM	30 %		70 %	
	Folketall	Verksemder	SUM Å BETALE:	
Aurland	kr 12 480	kr 65 101	kr 77 581	
Balestrand	kr 8 962	kr 39 455	kr 48 418	
Leikanger	kr 16 334	kr 30 907	kr 47 241	
Luster	kr 36 256	kr 112 448	kr 148 704	
Lærdal	kr 14 898	kr 40 113	kr 55 011	
Sogndal	kr 57 720	kr 89 432	kr 147 152	
Vik	kr 18 464	kr 40 113	kr 58 577	
Årdal	kr 36 389	kr 52 607	kr 88 996	
	kr 201 504	kr 470 176	kr 671 680	

Total refusjon kr 671 680

Planlagde oppgåver og tilsyn i 2021

MHV held fram tematilsyn om lydforhold i barnehagar. Det er også planlagt tilsyn på basseng og tematilsyn sikkerheit og beredskap i skular i løpet av 2021. Oppgåver og aktivitetar for MHV i 2021 vil bli utarbeida i ein eigen aktivitetsplan.

Med helsing

Elin Åsnes Øvretun
ingeniør miljøretta helsevern

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
ingeniør miljøretta helsevern

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi:

Kommunalsjef for helse og omsorg, Sogndal kommune
Kommuneoverlegane i samarbeidskommunane (Lærdal og Årdal v/Frode Mykebust, Luster v/Knut Cotta Schønberg, Sogndal v/Leiv Erik Husabø, Aurland v/Sverre Enkerud, Vik v/Helge Johan Bjordal)